

Kva:	Møte nr. 06 i Langrennskomiteen, 2025-2027
Tidspunkt:	Måndag 15. juni kl. 21.00-22.00
Stad:	Digitalt via Microsoft Teams
Sakliste:	SAK 53 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste SAK 54 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 05 25-27 i Langrennskomitéen ORIENTERINGSSAKER SAK 55 25-27 Orientering frå fagmøte Langrenn og Skitinget SAK 56 25-27 Status Sommarskiskule DISKUSJON- OG VEDTAKSSAKER SAK 57 25-27 Vidare oppfølging krins- og impulslag SAK 58 25-27 Vurdering av KM-medaljar og ubrukte premiar og utstyr SAK 59 25-27 Konstituering av ny leiar i Langrennskomitéen EVENTUELT
Deltatt:	André Haugsbø, Eline Orheim, Ellen E. Blom, Erik Brenne, Reidun Smørddal Hjelle, Torstein Bolstad Blikra
Forfall:	
Referent:	Bodil Ryste, dagleg leiar Sogn og Fjordane skikrins

SAK 53 25-27 Godkjenning av innkalling og sakliste

Bakgrunn

Innkalling med sakliste og vedlegg vart sendt ut fredag 12.6.26.

Vedtak:

Langrennskomitéen godkjenner innkalling og sakliste.

SAK 54 25-27 Godkjenning av protokoll nr. 05 25-27.

Bakgrunn

Protokoll nr. 05 25-27 frå langrennskomiteen lagt ved møteinnkallinga. Protokollar frå møte 03, 04 og 05 er ikkje lagt ut på nettsidene til [Skikrinsen](#), og administrasjonen ber om ei godkjenning på at protokollane no vert lagt ut på nettsida.

Vedtak:

Langrennskomitéen godkjenner protokoll nr. 05 25-27. Langrennskomitéen godkjenner også at protokollane frå møte 03, 04 og 05 vert lagt ut på nettsida.



ORIENTERINGSSAKER

SAK 55 25-27 Orientering frå fagmøte Langrenn og Skitinget

Bakgrunn:

Erik Brenne orienterte frå Skiforbundet sitt fagmøte Langrenn i Oslo 4. – 5. juni 2026. Erik Brenne var ein av fire delegatar frå Skikrinsen på Skiforbundet sitt ting, og Bodil Ryste deltok som dagleg leiar. Kort orientering frå Skitinget.

SAK 56 25-27 Status sommarskiskule

Bakgrunn:

Bodil Ryste orienterte kort om status på påmeldte deltakarar og program for sommarskiskulen. 30 påmeldte, 5 trenarar (inkl. Bodil). Vi følgjer malen frå tidlegare års gjennomføring. Økonomisk ligg skiskulen per no på budsjett.

DISKUSJONS- OG VEDTAKSSAKER

SAK 57 25-27 Vidare oppfølging krins- og impulslag

Bakgrunn:

Bodil Ryste orienterer kort om status på deltakarar på krins- og impulslag, og diskuterer oppfølgingspunkt vidare med langrennskomitéen. Det er til dømes per i dag ikkje innhenta opplysningar om klespakke eller ikkje. Det er 7 løparar som har levert/skal levere kontrakt på impulslag og 4 på krinslag. Det er ein liten auke frå førre året. Fleire har meldt at dei ynskjer å delta på enkeltsamlingar.

VEDTAK:

Langrennskomitéen vedtek følgande oppfølging:

- Samlingsplanen gjennomførast som planlagt og Bodil gjer nødvendige bookingar med overnatting/opphald.
- Vedr. Samling på Ullsheim 28. – 30. august sjekkar Bodil sjekkar ut om det er mogleg å få til eit samarbeid med skiskyttarmiljøet i Stryn på ei eller fleire økter.
- Klespakke avklarast med løparar på kontrakt

SAK 58 25-27 Vurdering av KM-medaljar og ubrukte premiar og utstyr

Bakgrunn:

KM-medaljar:

Administrasjonen ynskjer tilbakemelding innan 16.6 på om ein skal kjøpe inn nye KM-medaljar. Dei nye KM-medaljane har ny logo til Skiforbund/krins, men Skikrinsen har eit stort og ubrukt lager av «gamle» KM-medaljar med logo frå Skiforbundet frå tidlegare. Spørsmålet skal også takast opp med Hopp/kombinert og Alpint.



Premiar og utstyr

På krinskontoret er det oppbevart mange ubrukte premiar frå SSF-cupen som har inngravert årstal. Det strekker seg tilbake til i alle fall 2020. Det ligg også mange «gratis-premiar» i form av drikkeflasker, sekkar, buffar og liknande. Adm ynskjer ei tilbakemelding på kva som skal gjerast med premiane.

Smurning:

Det er ein pose med ulike kostar, børstar og fluor-haldig smørjeprodukt og glider på krinskontoret. Adm ynskjer ei tilbakemelding på kva som skal gjerast med utdaterte produkt.

Krinslagskle

Der er ein krinslagspakke med kle frå 23-24 sesongen som er uavhenta, samt ein overtrekksdress. LK drøftar kva som skal gjerast med uavhenta krinslagskle.

VEDTAK:

- KM-medaljar: LK vil bruke av rest-lager og ynskjer ikkje å bestille nye medaljar.
- SSF-cup: Bodil sjekkar med leverandør kva det vil koste å gravere om eller lime på klistrelappar på glaspremiane.
- Smurning: LK sjekkar kva det kostar å kaste fluorhaldig smurning. Ansvar: André
- Krinslagskle: Simen kan ta med på krinslagssamling og høyre om nokon har behov for påfyll.

SAK 59 25-27 Konstituering av ny leiar i Langrennskomitéen

Bakgrunn:

André Haugsbø vart vald til leiar i langrennskomitéen og som styremedlem i Skikrinsstyret på [Skikrinstringet i 2025](#). Jamfør [Skikrinsen si lov § 14](#), er det slik at leiar av greinkomiteane er ein del av Skikrinsstyret.

Saka var oppe i møte nr. 04, sak 40, med følgende konklusjon:

Sidan ektefelle til LK-leiar er tilsett som ny dagleg leiar i Sogn og Fjordane skikrins frå 1. juni, ynskjer LK-leiar å fråtre vervet som leiar av langrennskomitéen. Saka vart drøfta, men vedtak i saka vert utsett til neste møte.

I møte nr. 02, sak 13, vart det vedteke følgende konstituering av langrennskomitéen:

- Nestleiar: Eline Orheim
- Medlem i anleggskomiteen: Eline Orheim
- Økonomi/ sponsor: Erik Brenne
- Utvikling/ utdanning ansvarleg: Reidun og Ellen
- Terminlisteansvarleg: Torstein B Blikra

Ny leiar i komitéen vil då gå inn som styremedlem i Skikrinsen, og dette vil også takast opp som vedtakssak i styremøte i Skikrinsen måndag 22. juni 2026.

**VEDTAK:**

Langrennskomitéen gjorde følgande vedtak med ny organisering av langrennskomitéen for resterande del av perioden 2026-2027:

- Leiar: Erik Brenne
- Medlem i anleggskomiteen: Eline Orheim
- Økonomi/ sponsor: André Haugsbø
- Utvikling/utdanning ansvarleg: Reidun Smørdal Hjelle og Ellen Blom
- Terminlisteansvarleg: Torstein Bolstad Blikra

EVENTUELT

Ingen saker meldt inn.

Neste møte i langrennskomiteen:

- Torsdag 2. juli kl. 20.00 – Teams
- Saker i neste møte: Terminliste og samlingsplan for miljøsamlingar/aktivitetar. Det vart også meldt inn ynskje om å ta opp årshjul og oppgåver til dei ulike rollene i langrennskomitéen, men at ein tar det i møtet deretter (aug-sept).

Sogn og Fjordane Skikrins

Erik Brenne (s.)
Leiar LK

Bodil Ryste (s.)
Dagleg leiar